

ROLLER OG OPPGÅVER

REIN SOGNEFJORD

TORSDAG 04. SEPTEMBER 2025



Kommunekontakt

Som kommunekontakt er du eit lokalt forankringspunkt for prosjektet, og eit bindeledd mellom aktørar som t.d. skular, næringsliv og andre grupper i lokalsamfunnet og oss i Framtidshavet.

Oppgåver:

- Sørge for plassering av container.
- Sørge for adresse der utstyr som hanskar og sekker kan hentast og leverast.
- Sørge for at kommunen kan bistå med avfallstransport etter avtale med lokale ryddelag.

Lokal ryddeleiar

Du er lokalkjend i nærområdet og kan vere ryddeleiar for eit offentleg ryddelag som folk kan melde seg på. Du får god hjelp og oppfølging frå oss i Framtidshavet, slik at me saman kan sørge for at du og ditt ryddelag får ein trygg og triveleg dugnad!

Oppgåver:

- Velge ein stad å rydde i ditt område.
- Hente hanskar og sekker, og ta med til resten av ryddelaget.
- Avtale avfallstransport med kommunen.
- Melde inn ryddetall til Framtidshavet.
- Vere hyggeleg, hjelpsam og motiverande etter beste evne, så alle som kjem på dugnad får ei kjekk oppleving!

Frivillig ryddar

Du som berre har lyst å møte opp og gå laus på ryddinga! Du kan vere med på to måtar:

1

Har du ein gjeng du har lyst å rydde med, t.d. familien, venegjengen eller nokon andre? I så fall er det berre å finne seg ein stad å rydde og setje i gong! Berre følg same oppskrift som lokal ryddeleiar.

2

Meld deg på offentleg aksjon i din kommune, og møt opp på den staden du får tildelt etter avtalt tidspunkt.



Meir info på
www.framtidshavet.no

Kontakt oss på
post@framtidshavet.no